



VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE EIGDE AV TOKKE KOMMUNE

Vedteke av Tokke kommunestyre i sak 17/10.

Eigartilhøve

1. Tokke kommune eig og driv Dalen barnehage, Dalen barnehage Åmdals-Verk, Dalen barnehage Byrte, Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal.
2. Barnehagane er administrativt lagt til Oppvekstetaten. Tiltak som vert regulert etter Lov om barnehagar ligg til kommunestyret, eller den kommunestyret gjev mynde til.

Retningslinjer for drifta i barnehagane

3. Barnehagane som er eigd av Tokke kommune skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar m.v. og dei føresegner og retningslinjer som til ei kvar tid er fastsette av departementet, rammeplan for barnehagar og kommunale vedtak.
 - A. Barnehagane som er eigd av Tokke kommune skal som hovudregel ha eit leike- og opphaldsareal som er minimum 4 kvm for born over 3 år og 6 kvm for born under 3 år.

I dei mindre barnehagane skal det likevel nyttast skjønn i dei tilfella dette nærmar seg grensa. Kvar barnehage har eigen årsplan.

Føremål:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta bornas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet,

verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Borna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medvirkning tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ei utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Føremålsparagrafen i barnehagelova, lov av 17.juni 2005.

Råd og utval.

5. Samarbeidsutval.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

- Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval som er sett saman av
 - to representantar frå føresette, to frå tilsette og ein frå eigar. For kvar representant skal det velgast ein personleg vararepresentant.
 - Funksjonstida for representantane frå foreldre og tilsette er eit år, og fylgjer barnehageåret. Funksjonstida for representantar frå eigar fylgjer kommunestyreperioden.
 - Styrar i barnehagen har møte- og talerett og rett til å koma med framlegg.

Særskilt Dalen barnehage Åmdals-Verk og Tokke skule Åmdals-Verk:

Har eit felles FAU/SU. Saker her gjeld spesifikk ÅmdalsVerk.

Tokke skule har FAU/SU

Rektor sender saklista som SU ved Tokke skule skal handsame, slik at ein representant frå foreldre i SU ved Åmdals-Verk kan tiltre SU ved Tokke skule, i saker av felles interesse. Foreldre i SU ved Åmdals-Verk avgjer sjølv om dei ynskjer å nytte seg av denne retten. I tilfelle der SU representant ved Åmdals-Verk tiltre SU ved Tokke skule, blir SU utvida med ein av inspektørane, med heimel i Oppl. § 11-1.

Dalen barnehage har FAU/SU

Styrar sender saklista som SU ved Dalen barnehage skal handsame, slik at ein representant frå foreldre i SU ved Åmdals-Verk kan tiltre SU ved Dalen barnehage, i saker av felles interesse. Foreldre i SU ved Åmdals-Verk avgjer sjølv om dei ynskjer å nytte seg av denne retten. I tilfelle der SU representant ved Åmdals-Verk tiltre SU ved Dalen barnehage, blir SU utvida med assisterande styrar.

Særskilt Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal:
Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal har felles
FAU/SU

5a. Foreldreråd.

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd. Foreldrerådet er sett saman av alle foreldre / føresette til barn i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimane.

Funksjonstida for foreldrerådet er eit år, og følgjer barnehageåret.

Opptak i barnehagen.

6. Barnehagane i Tokke kommune har to opptak av barn i året. Barn må ha fylt 1 år innan utgangen av november for å bli vurdert i hovudopptaket. Barn som fyller eitt år seinare enn 1. desember blir vurdert i supplerande opptak.

Som hovudregel skal det søkjast og tildelast plass i nærbarnehagen. Ved ynskje om plass i annan barnehage, kan dette søkjast om til Oppvekstutvalet. Søknaden må vere grunnigjeven.

Det kan likevel tildelast plass utanom hovudopptak og supplerande opptak dersom det er plass i barnehagen og at det ikkje krev auka bemanning.

Søknad om barnehagetilbod skal fremjast på elektronisk skjema. Søknadsfrist er 28.februar. for hovudopptaket og 1.desember for supplerande opptak. Søknader som kjem inn etter hovudopptaket vert handsama ved supplerande opptak i desember same år. Alle barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptaket.

Avgjerdsrett om opptak er delegert til den einkilde barnehage. Tildeling av plass i barnehage vert gjort skriftleg, og det er rett til å klage på avgjerda. Oppvekstutvalet er klageorgan.

HOVUDOPPTAK:

For barn fødd før 1. november (føregåande år) kan det søkjast om ny / endring av plass gjeldande frå nytt barnehageår (15.08).

Barn fødd mellom 15. august og 31.oktober (føregåande år), får tilbod frå den dagen barnet fyller 1 år.

Ved hovudopptaket er det samordna opptak.

SUPPLERANDE OPPTAK:

For barn og barn-som fyller 1 år før 15. januar kan det søkjast om ny/ endring av plass ved supplerande opptak. Barn som får tildelt plass i supplerande opptak, får tilbod frå 15. januar.

6a. Prioritering ved opptak.

1. Barn med nedsett funksjonsevne (tilrådd av faginstans)
 2. Barn som det er fatta vedtak på etter lov om barneverntenester §§ 4-12 anna og fjerde ledd.
 3. 5- åringar.
 4. Barn av einslege forsytarar, eller der ein av foreldra er vekependlarar.
 5. Barn søkt overført frå anna barnehage. (Gjeld berre barn som ikkje har fått 1. prioritet ved førre opptak.)
 6. Barn som har vanskelege leiketilhøve heime, eller ikkje har leikekameratar i nærleiken.
 7. Under elles like tilhøve får det eldste barnet plass.
- Dersom det er framleis er ledige plassar kan desse tildelast barn frå andre kommunar for eit år om gongen.

6b. Oppstart av barnehageåret.

Barnehageåret tek til 15. august, om ikkje det er lagt planleggingsdag på dette tidspunkt. I såfall tek barnehageåret til fyrste ordinære verkedag etter denne datoen.

6c. Oppseiing av plass.

Tildela barnehageplass kan seiast opp med varsel på 30 dagar. Oppseiinga skal vera skriftleg. Det må betalast for plassen i oppseiingstida.

Kommunen kan seia opp plassen dersom føresette grovt eller gong på gong har forsømd pliktene sine etter dei retningsliner som gjeld for barnehageplassen.

6d. Anna.

Det føreligg ingen klagerett på styrars avgjer/fagleg vurdering på organisering av tenesta ovanfor borna, herunder tildeling av avdeling for den einskilde born.

Opptaket fylgjer reglar i Lov om barnehager med forskrift.

Barn som har fått plass i barnehagen får denne til dei skal byrje på skulen, eller at plassen vert sagt opp.

Barnet må vera fylt eit år før det tek til i barnehagen.

Når eit barn fyller tre år vert det frigjort ein plass frå same dag.

Utanom hovudopptak og supplerande opptak, kan born/familiar med særskilde behov få tildelt plass i barnehagen. Dette skal grunnjevast ut frå særskilde behov hos barnet.

Før barnet kan ta til i barnehagen må føresette levere helseerklæring.

Betaling.

7. Reglar for betaling:

- A. Dersom ikkje anna er vedteke i lov fastset Tokke kommune foreldrebetaling i barnehagane. Dette likevel innafor statleg fastsett makspris. Fastsett opphaldsbetaling vert å betale etterskotsvis kvar månad.
- B. Foreldre betalar for anten 10 eller 11 månader i året (lang eller kort sommarferie). Det vert ordinært ikkje gjeve fråtrekk for fråvær eller dei dagane barnehagen er stengd.
- C. Utgifter til kost kjem i tillegg og er etter sjølvkostprinsipp.
- D. Det kan søkjast om fritak for foreldrebetaling ved ein lengre sjukdomsperiode.
- E. Syskenmoderasjon
 - Full pris – for barnet med høgast månadspris
 - 50% for sysken nr. 2 – for barnet som har nest dyrast månadspris
 - 60% for sysken nr. 3 – for barnet som har tredje dyrast månadspris
 - 80% for sysken nr. 4 – for dei påfølgjande borna.
 - Merknad: Syskenmoderasjon blir sett i heilskap for føresette som har born i barnehage og SFO.
 - Blir årleg vurdert under budsjetthandsaminga.
 - Moderasjon omfattar sysken og born som bur fast saman og som er registrert i folkeregisteret med same adresse.
 - Det blir utskriven ein faktura pr. husstand.
- F. Hushaldningar med lav inntekt kan søkje kommunen om redusert foreldrebetaling og eller gratis kjernetid.
- G. Det er høve til søke om økonomisk stønad til barnehageplass. Ein må då vende seg til Nav eller barnevernstenesta i kommunen.
- H. Barnehagane i kommunen har lik betalingsatts uavhengig av opningstida.

Opningstid/feriar i barnehagane.

8. A. Opningstider i barnehagen mm.:

- Dalen barnehage har ei opningstid frå kl. 0645 til 1645. Dei andre barnehagane har ei opningstid frå kl. 0700 – 1630. Alle barnehagar, unnateke Byrte, er open 5 dagar pr. veke. Byrte er open 3 dagar/veke.
- Barnehagane i Tokke er stengd jole- og nyttårseftan, onsdag før skjærtorsdag etter kl 12.00 og alle helge- og høgtidsdagar.
- For at barnehagane skal ha ope i romjola og mellom palmesundag og skjærtorsdag, må minimum 6 plassar vere fylt.
I Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal kan ein sjå dette under eitt, og den barnehagen der flest ynskjer plass vert halden open. Der SFO er lokalisert til barnehagen, vert desse rekna med som grunnlag for å halde oppe i romjola og mellom palmesundag og skjærtorsdag. Dalen barnehage er open heile sommaren.
- Barnehage - avdelingane i Lårdal, Åmdals Verk og Byrte vert stengt fire veker i juli. Høydalsmo barnehage vert stengt tre veker i juli månad.

- Barnehagar / sfo må så langt mogeleg prøve å slå avdelingar saman i feriane. Så langt ikkje anna blir bestemt.
- Alle barn skal ha 4 vekers ferie, 3 av dei skal vera samanhengande.
 - Oppvekstsjefen kan, i samråd med styrar / rektor, i særlege tilfelle gjera unntak frå regelen om 3 veker samanhengande ferie. Dette skal grunngjevast ut frå særskilde behov hos barnet.
- Barnehagane er stengde 5 dagar i barnehageåret, i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette.
- Dalen barnehage kan stengjast inntil 2 veker om sommaren.

Internkontroll.

9. Barnehagane fylgjer Tokke kommune sine rutiner med internkontroll, med tilpassing til barnehagen si verksemd.

Sjukdom.

10. Barnehagen sin styrar / rektor avgjer om eit barn, på grunn av sjukdom, ikkje kan vera i barnehagen av omsyn til barnet sjølv eller dei andre barna (inntil ei veke).